

Songlaget Alvidt/Manger Årsregnskap 2015

Tap og vinning

Kontigenter	kr. 7050,-	kr.37800.00
Arragement	kr 13098.00	kr 23235.00
Tilskudd		kr,13107,20
Dirigent utg.	kr 47558,-	
Noter	kr 476,-	
Diverse	<u>kr 2469,50</u>	
<hr/> Sum	kr. 70651,5	kr. 74142,20
Inntekter:	74142,20	
Utgifter :	<u>70651,50</u>	
Overskudd	<u>3490,70</u>	

Kapital pr. 31.12.14	kr11245,60
Overskudd pr.31.12.15	<u>" ,3490,70</u>
Kapital pr. 31-12.15	kr.14736,30

Kapital Bank 31.12.15 kr 14736,30

Elin Nøtthøit
Formann

Tommy Lovlie
Kasserer

Kirsti Haduelwan
Revisor

Årsmelding for Songlaget Alvidt/Manger 2015.

Det nye året starta med nyttårskonsert i Eidsvåg kirke søndag 11.01.15. Me hadde fire øvingsdagar i januar. Koret hadde då 20 aktive medlemmar. Om hausten slutta to medlemmer, to var i permisjon og ei ny begynte, så dette halvåret var me 17 aktive medlemmar.

2. februar 2015 hadde me årsmøte og medlemsmøte. Styret har hatt ni styremøte med desse sakene:

1. Konstituering av nytt styre. Elin Nøttveit - leiar, Marit Anne Bysveen - nestleiar/skrivar, Gerd Lillian - noteforvaltar, Rigmor «Tutti» Korneliussen - kasserar, Kjell Morken - styremedlem
2. Planlegge seminar 20.-21. mars på Knarvik barneskule, med opptreden på ein sjukeheim i Knarvik og på Velferdsenteret på Manger.
3. Lage vårplan 2015. I vårhalvåret hadde me 14 øvingar. Me skulle delta på Korkafe på Lindås, men den vart avlyst. Me hadde seminar i mars. Ønska samarbeid og tur til Jondal Grendakor. Me avslutta vårsemesteret 8. juni med korgefest på den koselege terrassen ved fjorden i hagen hjå Tutti.
4. Opptreden vår 2015? Hadde kontakt med Jondal Grendakor. Tur utsett til september.
5. Søknad av kulturmidlar til Lindås og Radøy ved Tutti. Me fekk midlar frå Lindås, men avslag frå Radøy.
6. Medlemsverving. Delte ut invitasjonar i postkassane i Knarvik, Alver og Hilland før haustsemesteret. To nye kom på første øving. Ei vart verande medlem, ny sopran i koret☺
7. Få betre orden i notelageret. Gerd Lillian kjøpte materiellet ho trengte for å lage system. Tutti har datalageret av øvemidiar frå Liv. Me drøfta om desse skulle vore på eit ekstra, trygt lagringsutstyr.
8. Tutti ordna med ei oppdatert medlemsliste med nyttig informasjon.
9. Me har hatt medlemslotteriet første øvinga kvar månad: Kjersti og Tutti har tatt ansvaret. Det har også vore kaffi og noko attåt på desse øvingane som stemmegruppene har ordna med kvar sin gong.
10. Trivseltiltak i pausane: Christine har hatt ansvar for pausefrukt. (Tutti backup)
11. Laga haustplan 2015. Hausthalvåret har hatt 16 øvingar og to i januar 2016 før årsmøte.
19.-20. 09.15 hadde me tur med øvingar og to konsertar saman med Jondal Grendakor.
24.10.15 hadde me øving og Gresk aften på Solvang ungdomshus på Manger. Me hadde kurs i gresk dans for medlemmar og gjestar og musikk frå

blokkfløyteorkesteret Ulf er med i. Koret bydde på korsang og sjølvlaga koldtbord med greske rettar og Moussaka frå Smith Møte og Selskapslokaler.
6.12.15 song me på den årlege julekonserten i Alversund kyrkje.

14.12.15 møttest medlemmer for å sjå over repertoar me har hatt og likt og ønskjer oss til den nye dirigenten.

06.01.16 song me på arrangementet «Syng jula ut» - alle julesongane i salmeboka - i Fyllingsdalen kirke ved organist Liv Skoglund.

17. 01.16 song me i Knarvik kyrkje på nyttårskonserten til Korforbundet i Hordaland.

Måndag 18.01.16 var det medlemsmøte.

Tysdag 19.01.16 er det årsmøte for songåret 2015. Etterpå vert det fest for Liv og kormedlemmane heime hjå Mary.

12. Drøfta utanlandstur, evt. neste vinter. Mary og Ulf vart spurt om å vera undersøkjande komite.

13. Tankar om å invitere Jondal Grendakor på besøk til oss våren 2016 til felles konsert og fest?

14. Sende spørsmål til Knarvik ungdomsskule om øvingslokale for hausten 2015; v/ Elin.

15. Planlegging av haustfest på Solvang ungdomshus; 24. oktober 2015; matliste, fin invitasjon ved Marit Gro, påmelding/gjesteliste, søknad om skjenkeløyve, innkjøp av mat, drikke og pynt, arbeidsliste før, på og etter festen, økonomiansvar ved Tutti.

16. Ny dirigent til koret frå jan 2016 har vore arbeidd med sidan 13. aug og utover heile hausten, då Liv Skoglund melde frå at ho takkar for seg og si tid i koret. Tone Lise Moberg frå Fløyen Kulturskole startar som ny dirigent for Songlaget Alvidt /Manger tysdag 26. januar 2016. Det betyr også at me endrar øvingsdag til tysdagar. Me har avtale om same lokal som no.

17. Voksenopplæringsmidlar - søkte hjå Korforbundet i jan.16 ved Elin og hjelp frå Monica. Det er lurt å notere frammøteliste på kvar øving. Det trengs også repertoarliste og øvingsdatoane, så ta vare på halvårsplan og repertoarliste for halvåret som har gått. Me treng to medlemmer som vil dele på dette ansvaret.

18. Frivilligregisteret - Me hadde planar om å registrera oss der. Marit Gro har tatt det på seg. Me utsette det til nytt styre er på plass då det var kort tid att å leggja inn personinfo som snart skulle byttast ut.

15. mai 2015 sende Songlaget Alvidt/Manger ei siste takk og helsing med bærebukett til Leif Egil Vatnøy si bære.

6. januar 2016 sende Songlaget Alvidt/Manger blomar og gratulasjonar til tidlegare songarvenn gjennom mange år, Ingunn Hole, til hennar 80-årsjubileum.

Elin Nøttveit - leiar - 08.01.2016.

Budsjett 2016

Songlaget Alvidt/Manger

	Inntekter	Utgifter
Kontigenter	48600	6500
Dirigent		70000
Tilskudd	8000	
Kulturmidler	8000	
Diverse inntekter/utgifter	<u>14400</u>	<u>2500</u>
Sum	79000	79000